

*Påska 2011*  
*i*  
*Vest-Telemark prosti*



# *PREIKETEKSTANE FOR PÅSKA*

*PALMESUNDAG 17. april 2011*  
*Joh.12, 1-13*

*SKIRTORS DAG 21. april 2011*  
*Luk. 22,14-20*

*LANGFREDAG 22. april 2011*  
*Luk. 22,39-23,46*

*PÅSKENATT*  
*Mark. 16, 1-8*

*PÅSKEDAG 24. april 2011*  
*Matt. 28, 1-8*

*ANDRE PÅSKEDAG 25. april 2011*  
*Luk. 24,13-35*



Hefte er eit samarbeid mellom prost, prostidiakon og kyrkjeverjene/fellesråda i Vest-Telemark prosti.

Layout og design: Ove Kjell Huvestad

Foto framsida: Ove Kjell Huvestad - *Krusifiks i Mo kyrkje.*

© Prostidiakonen i Vest-Telemark 2011.

Trykk: [www.etn.no](http://www.etn.no)

# ”Her er Guds hus og himlens port”

Snokvite vidder, sola ved hytteveggen, det er påskedraumen for mange. Eller heimekos med familien. Eller er kanskje ikkje påska ein draum, fordi noko er vondt eller det er krangel i huset.

Tenkjer folk på kyrkja i påska? Ho er der, i alle fall. Det set mest alle pris på. Påskebodskapan er også noko godt for dei fleste. Men gå til gudsteneste, det ligg fjernare.

Salmediktaren Landstad er likesom ”ein av våre”, for han budde i Vinje, Kviteseid og Seljord. Han skreiv om kyrkja og gudstenesta:

Her er Guds hus og himlens port,  
herfra det går en stige,  
av ord og sakramenter gjort,  
helt opp til himmerike.

I kyrkja høyrer vi ordet om Jesus, som døydde og sto opp og er vegen til himmelriket. Ved dåpen og nattverden blir vi knytte til Gud, vår Skapar. Her er ei dør til ein annan dimensjon, til det eigentlege livet, det vi vart skapte til, det evige.

I Vest-Telemark er det mange kyrkjer, og i påska er det mange gudstenester. Kanskje vil vi oppdage, som Landstad, at kyrkja var meir enn vi trudde: ”Her er Guds hus og himlens port, og jeg det visste ikke.” Vel møtt!

Helsing  
Øyvind A. Jørgensen  
Prost i Vest-Telemark





## GUDSTENESTER I SELJORD KOMMUNE PÅSKA 2011.

*Sundag 17/4 - Palmesundag.*  
**Seljord kyrkje kl. 11.00**  
Dåp



Seljord kyrkje

*Torsdag 21/4 - Skirtorsdag.*  
**Åmotsdal kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd



Åmotsdal kyrkje

**Nutheim kapell kl. 19.00**  
Nattverd



Flatdal kyrkje

*Fredag 22/4 - Langfredag*  
**Mandal kapell kl. 11.00**  
Nattverd

**Seljord kyrkje kl. 19.00**



Mandal kapell

*Sundag 24/4 - 1. Påskedag*  
**Seljord kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd  
Song av kyrkjekoret

**Svardal kapell kl. 15.00**

## Palmesundag

## Parodien Jesus




Palmesundag er til minne om då jødane svinga palmegreiner for å hylle Jesus som sin konge då han reid inn i Jerusalem på eit lite simpelt, esel. Ein konge på eit esel var ein parodi, også på den tida, Jesus snobba ned så det heldt. Ein konge som vaska føtene til læresveinane var uhøyrdd, det sømde seg ikkje for ein stor åndshovding å krype som ein tenar, og det skulle bli endå verre seinare i veka. Det tok nok ei tid før folk skjønna at Jesus med dette ville vera eit føredøme.

Men også Jesus lét seg tene og hylle. Ei kvinne tømde dyr salve over føtene hans, og dette blei kritisert, salva kunne seljast,

og pengane kunne gjevast til dei fattige.

Men kvifor ville Jesus absolutt få klint på seg denne dyre salva i staden for å hjelpa dei fattige. Hadde han så skiftande personlegdom at han var stormannsgalen også? Ut frå det som står om Jesus andre stader i Bibelen, meiner eg at enten var Jesus Guds son som han påstod, eller så var han ein bløffmakar. Og i møte med Guds son, finst det kanskje noko som er viktigare enn høgare levestandard. Jesus hadde då kome fram til eit tidspunkt i sitt liv og si gjerning der heile meininga med hans eksistens her på jorda skulle samlast i eit brennpunkt. Han skulle opne vegen for menneska til Gud tvers gjennom døden. Dei fattige blei det rikeleg høve til å hjelpe seinare, no galdt det å fylgje med på det som skulle skje. Sidan Gud hadde valt at det er ved å tru på Jesus at menneska kan gå på denne vegen, måtte folk få greie på dette. Difor måtte fokuset vera på Jesus, slik som det også blei då folkemengda hylla han som Israels konge, i Herrens namn. Kvar vil vi ha vårt fokus denne påska? Mitt fokus i påska er nok mykje på hytte- og skiturar. Men håpet om at eg etter min siste skitur går i ei oppbrøytt låm som fører tvers gjennom døden, det har eg med meg kvar dag heile året.

Jon Svartdal



## **GUDSTENESTER I FYRESDAL KOMMUNE PÅSKA 2011**



POS

*Sundag 17/4 – Palmesundag*  
**Birtedalen kl.12.00**

*Torsdag 21/4 – Skirtorsdag*  
**POS kl.11.00**

Nattverd

**Veum kyrkje kl.19.00**  
Nattverd



Veum kyrkje



Moland kyrkje

*Fredag 22/4 – Langfredag*  
**Birtedalen grendehus kl.19.00**  
Nattverd

*Sundag 24/4 – 1.Påskedag*  
**Moland kyrkje, kl.11.00**

## Skirtorsdag

*” Eg har lengta inderleg etter å eta dette påskemålet i lag med dykk, før eg skal lida, Luk 22, 14-20. ”*

Det er eit privilegium å bli invitert til eit måltid saman med vener. Ingenting er som ein lang kveld med god mat og gode samtalar saman med dei me er mest glade i. Jesus ville ha eit siste måltid saman med læresveinane sine, alle var invitert og Han lengta inderleg etter dette. Til og med Judas var der, sjølv om Jesus visste at han skulle svike han. Peter var der òg, sjølv om Jesus visste at han ville fornekte Jesus om kort tid. Likevel lengta Jesus etter å vera saman med dei. Dette syner oss at Jesus er raus, og det viser Han gjennom sin måte å vere på fleire stadar i Bibelen. Kor rause er me? Kor gode er me til å inkludere alle i våre fellesskap? Vil me helst berre vere saman med dei som me syns ”passar inn” ? Kva med dei som har andre oppfatningar enn oss i livets store spørsmål og lever annleis enn oss? Kva med dei som av ulike grunnar ikkje kjenner seg velkomne, ikkje kjenner seg heime i våre fellesskap? Er det gjennom vår måte å vere på /organisere oss på at nokon ikkje vil ha med kristendom å gjera? Jesus var inkluderande. Han gjekk ut og traff forskjellige lag av folket, oppsøkte ulike mennesker og hadde tid til gode samtalar. Han var ikkje berre saman med sine eigne læresveinar i lukka lokale. Har me ikkje noko stort å



lære av det? Skjærtorsdagskvelden innstifta Jesus nattverdmåltidet.

*”Så tok han eit brød, takka braut det, gav dei og sa: Dette er min lekam, som vert gjeven for dykk. Gjer det til minne om meg.” 1.Kor.10,17*

*”Fordi det er eitt brød, er vi alle ein lekam” .*

Alle er invitert av Jesus til å ta del i nattverden og fellesskapet med Han. Er det slik at me støyttar nokon frå oss i våre menighetar? Me vil ha ei open og inkluderande kyrkje, kva meiner me egentleg med det? Påskeevangeliet er ei sterk historie som gjeld alle til alle tider. God påske.

Solveig A. Midtgarden



**GUDSTENESTER I  
NISSEDAL KOMMUNE  
PÅSKA 2011.**

*Sundag 17/4 - Palmesundag.*  
**Felle kapell kl. 11.00**

**Fjone kl 18.00**  
Kveldsmat

*Torsdag 21/4 - Skirtorsdag.*  
**Haugsjåsund kl. 10.00**

**Nissedal kyrkje kl. 18.00**  
Nattverd / Kveldsmat



Felle kapell



Nissedal kyrkje



*Fredag 22/4 - Langfredag*  
**Treungen kyrkje kl. 11.00**

*Sundag 24/4 - 1. Påskedag*  
**Nissedal kyrkje kl. 11.00**  
Familiegudsteneste

*Måndag 25/4 - 2. Påskedag*  
**Treungen kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd



Treungen kyrkje

## Langfredag

” -no er det mørkret som vår.”

*Lukas 22,39-23,46*

Langfredag er kyrkja sin sørgjedag.  
Nake alter. Ingen blomar, ingen tende ljós.  
Ein dag heilt annleis enn andre dagar.  
Ein dag med rom for sorg og ettertanke.  
Og ein dag for stille takksemd.

Langfredag er Jesus sin lidings- og dødsdag.

Eg skjønar det ikkje fullt ut, kor mykje det kravde av Jesus.  
Det at han gav seg sjølv, som eit offer. For meg. For alle menneskje!  
Men, det gjer meg full av takksemd og von.

Eg treng aldri vere åleine. Sjølv ikkje i møte med døden.  
Eg veit kven som har vore der før. Det er Jesus, han som gjekk den tunge  
vegen, for oss.

*Ja, jeg tror på korsets gåte,  
Gjør det Frelser, av din nåde.  
Stå meg bi når fienden frister,  
Rekk meg hånd når øyet brister,  
Si: vi går til paradis!*

*(NoS 161, vers 8)*

Ingeborg Matre



# GUDSTENESTER I VINJE KOMMUNE PÅSKA 2011.

*Sundag 17/4 - Palmesundag.*  
**Møsstrond kyrkje kl. 12.00**  
Nattverd/kyrkjekaffi

**Nesland kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd

*Onsdag 20/4.*  
**Rauland kyrkje kl.20.00**  
Påskekonsert

*Torsdag 21/4 - Skirtorsdag.*  
**Rauland kyrkje kl. 19.30**  
Nattverd

**Grunge kyrkje kl. 19.00**  
Nattverd

**Karten fjellkyrkje kl. 12.00**  
Skirtorsdagsgudsteneste

*Fredag 22/4 - Langfredag*  
**Øyfjell kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd

**Vinje kyrkje kl. 19.00**  
Pasjonskveld

*Sundag 24/4 - 1. Påskedag*  
**Rauland kyrkje kl. 11.00**

**Vinje kyrkje kl. 09.00**  
Påskemorgongudsteneste

**Karten fjellkyrkje kl. 12.00**  
Påskeandakt

**Øyfjell kyrkje kl. 18.00**

*Måndag 25/4 - 2. Påskedag*  
**Grunge kyrkje kl. 19.00**  
Kveldsgudsteneste



Møsstrond kyrkje



Nesland kyrkje



Rauland kyrkje



Grunge kyrkje



Vinje kyrkje



Øyfjell kyrkje

# 1. påskedag

Kvinnene ved grava

The Women at the tomb

La mujer en la tumba

Det var María Magdalena  
Johanna og María, Jakobs  
mor  
og de andre kvinnene  
som gikk til apostlene og  
slo fast:

It was Mary Magdalene  
Joanna and Mary the  
mother of James  
And some other women  
who went to the apostles  
and stated:

Fue María Magdalena  
Juana y María, la madre  
de Santiago  
Y las otras mujeres  
quienes fueron a los  
apóstoles y afirmaron:

Han er ikke her.

He is not here.

Él no está aquí.

Han er ikke der.

He is not there.

Él no está aquí.

Han er søkk vekke.

He is utterly gone.

Él se ha esfumado por  
completo.

Og apostlene erklærte:

And the apostles went on:

Y los apóstoles declarar-  
on: Chismes de marujas.

Kjerringsnakk.

like any woman`s mind.

"Dobbeltevangeliene, The Double Gospels, Los Evangelios Dobles", Øyvind Berg attgjeve i Borgny Svalastogs bispekåper i Agder.

Det var María Magdalena, María og Salome  
tidleg fyrste dagen i veka, i det sola rann.


Dei hadde kjøpt angande olje.

Salve ein død var naturleg, lyfte vekke ein stor  
stein var bekymring.

Steinen var vekke, salvinga uaktuell,  
dei vart redde.

- fantasiar?
- tullpreik?
- mysterium
- rørt i sine inste hjarta?

Tone Svalastog Garnes



Kviteseid kyrkje



Vrådal kyrkje



Fjågesund kapell



Brunkeberg kyrkje

## **GUDSTENESTER I KVITeseID KOMMUNE PÅSKA 2011.**

*Sundag 17/4 - Palmesundag.*  
**Vesterdal i Dalane kl. 12.00**

*Torsdag 21/4 - Skirtorsdag.*  
**Vrådal kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd

**Kviteseid kyrkje kl. 20.00**  
Nattverd



*Fredag 22/4 - Langfredag*  
**Brunkeberg kyrkje kl. 11.00**

**Fjågesund kapell kl. 18.00**  
Nattverd

*Sundag 24/4 - 1. Påskedag*  
**Kviteseid kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd

Kyrkjekoret deltek

**Vrådal kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd

*Måndag 25/4 - 2. Påskedag*  
**Brunkeberg kyrkje kl. 11.00**  
Nattverd

## 2. påskedag

## Vegen vidare



To vener av Jesus går langs vegen. Dei er veldig skuffa. Dei hadde håpa på Jesus, men han døydde frå dei. Som om ikkje det var nok, hadde nokre kvinner kome og forvirra dei. Dei sa at dei hadde hatt eit syn av englar som fortalde at Jesus levde. No veit ikkje dei to kva dei skal tru.

Då kjem det ein mann og slår følge med dei. Dei kjenner han ikkje att. Noko er annleis. Det er Jesus som går der saman med dei. Han klandrar dei fyrst for kor lite dei forstår. Deretter tar han dei med på ei

skikkeleg rundreise i Det gamle testamente. Han syner dei kvifor Messias måtte døy og sidan gå inn til herlegdomen sin. Det er varsla på førehand, alt saman.

Dei kjem til landsbyen Emmaus. Dei to læresveinane bed den framande med inn. Medan han sit til bords med dei, tek han brødet, bed takkebøna, bryt det og gjev dei. Då kjenner dei han att! Men han vert usynleg for dei.



To tvilande og motlause menneske fann ny tru og ny kraft. Jesus kom til dei og følgde dei på vegen. Han sette seg ved bordet og hadde fellesskap med dei.

Påska 2011 tek slutt. Jesus er ein trufast medvandrar på vegen vidare.

Kjell Arne Norum



Eidsborg stavkyrkje



Lårdal kyrkje



Skafsåheii fjellkyrkje



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Høydalsmo kyrkje

## **GUDSTENESTER I TOKKE KOMMUNE PÅSKA 2011.**

*Sundag 17/4 - Palmesundag.*  
**Høydalsmo alderspensjonat  
kl. 10.30**

*Torsdag 21/4 - Skirtorsdag.*  
**Eidsborg stavkyrkje kl. 19.00**  
**Nattverd**



*Fredag 22/4 - Langfredag*  
**Lårdal kyrkje kl. 11.00**

**Eidsborg stavkyrkje kl. 19.00**

*Laurdag 23/4 - Påskeeftan*  
**Fjellkyrkja kl. 11.00**  
**Nattverd**

**Eidsborg stavkyrkje kl. 21.00**  
**Nattverd**

*Sundag 24/4 - 1. Påskedag*  
**Mo kyrkje kl. 11.00**

**Høydalsmo kyrkje kl. 11.00**

*Måndag 25/4 - 2. Påskedag*  
**Skafså kyrkje kl. 11.00**

# Påska på 5 minutt

Oscar Johan Garnes

**Påske.** Ordet stammar frå hebraisk og tyder “å gå forbi”. Det viser til ei hending i samband med Israels utferd frå Egypt under leiing av Moses. Som mykje anna som kyrkja har teke med seg frå jødane, fekk påska et heilt nytt innhald, ut frå det som skjedde ved Jesu lidning, død og oppstode. Jødane opererte med måneår, ikkje solår som vi gjer. Det har vi halde på, og difor er plasseringa av påska ”fyrste sundag etter første fullmåne etter vårjamdøgn”.

## Skjærtorsdag:

Ordet “skjær” kjem av det gammelnorske “skira” som tyder “å gjere rein”.

## Fotvask og mat

Skjærtorsdag vaskar Jesus føtene til disiplane og han et det siste måltidet saman med dei 12. Dette måltidet vart det første i ei rekke på millionar av nattverdmåltid opp gjennom tidene. Under måltidet spår Jesus at både Judas og Peter, ja dei andre disiplane òg, skal svika han. Før maten hadde Judas vore hjå overprestane og bode seg å svike Jesus, om han fekk pengar for det. Han fekk 30 sølvpenar. Judas forlét måltidet, men Peter og dei andre vert liggande att ved bordet (dei låg til bords på den tid!), og sa at dei aldri kom til å svike han. «*Om eg så må døy med deg, skal eg ikkje forneakta deg!*», sa Peter. Det same sa dei alle.

## Til Getsemane

Etter måltidet går Jesus og dei 11 som er att, til ein hage ved foten av Oljeberget, Getsemanehagen. Her blir Jesus og disiplane heile natta. Jesus ber, og disiplane, som han har bede om å halde seg vakne, sovnar ut i eitt.

## Langfredag

Namnet på dagen er særnorsk, og kan sikte til at dette vart ein lang dag for Jesus. På engelsk heiter dagen “Good Friday,” “den gode fredagen.”

## Kysset

Dagen startar grytidleg i Getsemanehagen, med det store sviket. Judas kjem saman med soldatane og kysser Jesus. Judaskysset! Teiknet på kven dei skulle fange.

## Møtet med dei religiøse leiarane

Jesus vert gripen og førd til øvstepresten, der dei eldste og dei skriftlærde òg var samla. Dei prøvde å få noko på han, så dei kunne dømme han. Det store spørsmålet var: «*Er du Messias, Son til Den høglova?*» Jesus sa ikkje mykje under forhøret, men til akkurat dette spørsmålet svara han: «*Det er eg!*». Svaret vart det endelege beviset på at han spotta Gud.

## Hanen gjel og Peter svik

Når dette skjer inne i salen hjå det høgste rådet, er Peter på plassen utafør. I møte med folk nektar han tre gonger på at han kjenner Jesus. Rett etter at han nektar tredje gongen, gjel hanen andre gong, akkurat slik Jesus hadde sagt.

*Framhald neste side*

## Møtet med Pilatus

Pilatus var okkupasjonsmakta sin representant, romersk guvernør, og vart den som til slutt dømde Jesus til døden ved krossfesting. Han lika det ikkje, og vaska hendene sine, ei symbolhandling på at det ikkje var han som hadde dømt han, men folket sjølve. Dei hadde nemleg kunna velje å gi Jesus fri, han eller røvaren Barabbas. Folket valde Barabbas.

## Tornekrone og Golgata

Igjen blir Jesus piska, håna og spytta på. Dei laga ei tornekrone som dei tredde ned på hovudet hans, så blodet rann. Krossen måtte han sjølv bere. Staden der han skulle avlivast heiter Golgata.

## Krossfest mellom to røvarar

Krossfesting var ein nokså vanleg avrettingsmåte. Det var ein pinefull måte å døy på, og det tok lang tid før den krossfeste var død. Jesus blir krossfest mellom to røvarar. Den eine spottar Jesus, medan den andre ber om nåde - og får det.

## Jesus aleine i døden

Det siste Jesus ropar før han døyr er: «*Eloï, Eloï, lemá sabaktáni?*» Det tyder: «*Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?*» Og så anda han ut. Då det skjedde, vart det mørkt i landet i tre timar, og forhenget i tempelet revna i to.

Dei stakk spyd i sida på Jesus for å vere sikre på at han var død.

## Likklede og gravlegging

Josef frå Arimatea, ein høgt akta rådsherre, fekk lov av Pilatus til å ta seg av liket. Josef kjøpte eit linklede, tok Jesus ned og sveipte han i det. Han la han i ei grav som var hoggen ut i bergveggen, og rulla ein stein framfor gravopninga.

## Påskeeftan

For dei av Jesu vener som hadde opplevd dramaet på fredagen, vart laurdagen full av sorg og frustrasjon – og redsle. Leiaren deira, venen, som hadde sagt og oppført seg som om han var Guds son, var død. Det var ikkje til å tru! Dei var redde for sjølve å bli arrestert og drepne, derfor sat dei denne laurdagen bak låste dører.

## Påskedag

Når sola renn sundagen, ber den med seg stemninga frå dagen før; sorg, frustrasjon og redsle. Maria Magdalena og Maria, mor til Jakob, og Salome, visste kvar Jesus var gravlagd. Dei kjøpte angande olje, for dei ville gå og salva han.

Når dei kjem fram til grava, er steinen rulla vekk, og grava er open. Inne i grava sit det ein ung mann på høgre sida. Han var kledd i ein lang, kvit kjortel. Dei vart gripne av otte og undring, men mannen sa til dei: «*Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, han som vart krossfest. Han er stått opp, han er ikkje her.*»

Dei tre kvinnene snudde og sprang av garde, men i flg. Markus, som har skrive det eldste evangeliet, rømde dei frå grava, skjelvande og frå seg av redsle, og sa ikkje eit ord til nokon. Matteus fortel det slik: Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til disiplane. Hovudpoenget for både Matteus og Markus er likevel at Jesus lever!